



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/901 - 17/9521

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
10.05.2017

Godkjenning - legging av avlaupsleidning og tilkopling til kommunalt VA-anlegg - GBNR 42/10 Eikeland

Administrativt vedtak. Saknr: 130/2017

Tiltkshavar: Wenche Berg Haaland
Ansvarleg søkjar: Fløysand VA AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1. Søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg

Saksutgreiing:

Fløysand VA AS har på vegne av Wenche Berg Haaland i søknad, motteke 10.04.2017, søkt om løyve til graving av om lag 135 meter grøft for nedlegging av avlaupsleidning/pumpeleidning, samt tilkopling til kommunalt avlaupsnett til ein fritidsbustad på gbnr 42/10 på Eikeland.

Leidningsgrøfta er vist på situasjonskart motteke 10.04.2017, og går over eigedomane gbnr 42/5, 42/100 og 42/101. Det ligg føre erklæring som gjev eigedomen gbnr 42/10 løyve til dette.

Eigedomen har i dag privat avlaupsløysing med slamavsliljar. Eigedomen er tilknytt kommunalt vassverk.

Vudering:

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla , men vedlagt søknaden ligg erklæring som gjev eigedomen gbnr 42/10 rett til å leggja leidning på privat grunn. Kommunen vurderer det slik at nabo er kjent med tiltaket og kommunen krev difor ikkje ytterlegare nabovarsling, jf pbl § 21-3 andre ledd.

Lov- og plangrunnlag:

Plassering av avlaupsleidningar er søknadspliktig etter pbl 20-2, jf § 20-1 bokstav a.

Eigedomen gbnr 42/10 har i kommuneplanen sin arealdel for Meland status som LNF-spreidd fritidsbustad. Tilkoplingspunktet ligg på eigedomen gbnr 42/5 som er ein landbrukseigedom. Deler av leidningstraceen vert liggjande på gbnr 42/100 og 42/101 som er to frådelt ubebygde eigedomar.

Ettersom plasseringa i dette tilfellet ikkje vil gje varige sår i terrenget er vanskeleggjere landbruksdrifta, kan administrasjonen ikkje sjå at tiltaket er i strid med LNF-føremålet. Ein føreset at terrenget vert ført attende og sådd i.

Plassering:

Leidningane skal plasserast slik situasjonskart motteke 10.04.2017 syner. Vedlagt søknaden ligg erklæring som gjev eigedomen gbnr 42/10 rett til å leggja leidningar på privat grunn.

Fjerning av slamavskiljar:

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt att med steinmassar. Eigar må sjølv syte for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljar. Tilknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av motteken ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført 10.04.2017.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-1 gbnr 42/10 løyve til plassering av avlaupsleidning/pumpeleidning i samsvar med søknad journalført 10.04.2017. Det vert vist til saksutgreinga og vurderinga ovanfor. Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på motteke situasjonskart. Terrenget skal tilbakeførast og såast i. Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Meland kommune godkjenner at fritidsbustad på eigedomen gbnr 42/10 vert tilknytt kommunalt avlaupsanlegg på følgjande vilkår:

Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale. Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget. Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.

Dersom De ønskjer å leige målar må det gjevast melding til kommunen.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret og for kloakk kr 20 000,- pluss mva.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan og bygningslova.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak
kart

Tilknyting til offentleg ledningsnett - GBNR 42/10

Kopi til:

Wenche Oline Berg Haaland	Tertnesflaten 7 J	5114	TERTNES
---------------------------	-------------------	------	---------

Mottakere:

Fløysand Va AS	Fløksand	5918	FREKHAUG
----------------	----------	------	----------